



Arkivnr: 2014/16587-3  
Saksbehandlar: Sølve Dag Sondbø

## Saksframlegg

### Saksgang

| Utval         | Saknr. | Møtedato   |
|---------------|--------|------------|
| Fylkesutvalet |        | 18.11.2015 |
| Fylkestinget  |        | 08.12.2015 |

## Regional plan for vassregion Rogaland 2016-2021

### Samandrag

Den regionale planen for vassregion Rogaland er ein plan etter vassforskrifta. Delar av kommunane Odda, Etne ligg i vassregion Rogaland og planen handsamast derfor politisk også i Hordaland. Tiltaksprogrammet for vassregion Rogaland har to tiltak for areala i Hordaland:

- 1) Røldalsvassdraget (Odda kommune) har fått prioritert for vilkårsrevisjon av kraftkonsesjon (inkludert naudsynt problemkartlegging og kost-nytte vurdering)
- 2) Problemkartlegging i Viksefjorden med nedbørfelt (Sveio og Haugesund).

Fylkestinget i Hordaland må vedta plandokumenta for at dei skal være gjeldande for dei areala i vassregion Rogaland som ligger i Hordaland fylke.

### Forslag til vedtak

1. I medhald av Plan- og bygningslova § 8.4 vedtar Hordaland fylkeskommune følgjande dokument for dei areala som gjeld Hordaland:
  - Regional plan for vassforvaltning i vassregion Rogaland 2016-2021
  - Regionalt tiltaksprogram for vassregion Rogaland 2016-2021
  - Handlingsprogram for 2016 – 2018 til regional plan for vassforvaltning i vassregion Rogaland 2016-2021
2. Hordaland fylkeskommune føresett at staten legg vassforvaltingsplanen og tiltaksprogrammet til grunn for alt vidare arbeid med vassforvaltning.
3. Hordaland fylkeskommune ber staten om å følgje opp med økonomiske midlar slik at vassforvaltingsplanen lar seg gjennomføre i tråd med føringar i vassforskrifta.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg:

1. Forslag til regional plan for vannforvaltning i vannregion Rogaland 2016-2021
2. Forslag til regionalt tiltaksprogram for vannregion Rogaland 2016-2021
3. Forslag til handlingsprogram for vannregion Rogaland 2016-2018

## Fylkesrådmannen, 27.10.2015

### Bakgrunn:

Vassdirektivet er eit rammedirektiv som EU gjorde gjeldande 22. desember 2000. Vassdirektivet vart gjort til ein del av EØS-avtalen i 2007 og legg rammer for all vassressursforvaltning i EØS-området. For å følge opp direktivet vedtok Noreg i 2007 «Forskrift om rammer for vannforvaltningen» (Vassforskrifta) som er heimla i foreiningslova, plan- og bygningslova og vassressurslova. Denne forskrifta gjev føringar for korleis Noreg skal gjennomføre arbeidet med heilskapleg vassforvaltning.

Det skal lagast regionale planar med tilhøyrande regionale tiltaksprogram for kvar av dei 11 vassregionane i Noreg. Grensene for vassregion Hordaland følgjer i hovudsak fylkesgrensene, men med nokre unntak. Vassregion Rogaland har areal i Odda, Etne og Sveio. Fylkestinget som regional planmyndigheit, må derfor vedta plandokument. Den største delen av Hordaland i Rogaland vassregion er Røldalsvassdraget i Odda kommune.



Planen for Rogaland har to tiltak som gjeld Hordaland sitt areal:

| Vassførekomst               | Kommune            | Tiltak   |
|-----------------------------|--------------------|--|
| Viksefjorden med nedbørfelt | Sveio og Haugesund | Problemkartlegging (landbruk, avlaup m.m)  |
| Røldalsvassdraget           | Odda               | Prioritert for vilkårsrevisjon av kraftkonsesjon (inkludert naudsynt problemkartlegging og kost-nytte vurdering) |

Formålet med problemkartlegging i Viksefjorden er å finne kjelder til belastning og moglege tiltak.

For Røldal-Suldalsvassdraget står det i tiltaksprogrammet:

*«Er ikke omfattet i rapporten 49:2013. Må gis prioritet 1.1 – se begrunnelse i tiltaksanalyse for Ryfylke vannområde.*

*- Ny konsesjon bør tre i kraft når gjeldende konsesjonen utgår i 2022.*

*- Konsesjonsprosesser tar lang tid, derfor bør konsesjonsprosess starte i 2016. Det bør foretas full konsesjonsbehandling.*

*- Hensynet til vannmiljøet og kravene i vannforskriften må prioriteres og avklares gjennom konsesjonsprosessen.*

- Momenter som er spilt inn til planprosessen:

- Utrede minstevannsføring og andre avbøtende tiltak i elver med tidligere anadrom strekning (i dag redusert), spesielt fremhevet er Roaldkvamsåna og Brattlandsåna. Tilbakeføre anadrom strekning. Vurdere biotop forbedrende tiltak med fokus på gyte- og oppvekstområder for anadrom fisk og storørret stammen i Suldalsvatnet. Herunder også gjøre kost-nytte vurderinger.
- Magasinrestriksjoner av hensyn til både vannmiljø og turisme/friluftsliv, spesielt fremhevet er Røldalsvatnet.
- Minstevannsføring av hensyn til naturmiljø, landskap, friluftsliv og turisme, er fremhevet for Risbuelva, Novlefoss, Kvesso og Nyastølelva»

Planen består av tre dokument som skal vedtakast politisk:

### **Regional plan for vassforvaltning i vannregion Rogaland 2016 – 2021**

Er eit oversiktsdokument på regionalt nivå. Planen seier kva miljøtilstand vassførekomstane har, miljømål dei skal ha og korleis vi kan oppnå miljømåla, og innan kva tidsfristar. Planen skildrar korleis vi bør forvalte vassmiljøet og vassressursane i vassregionen i eit langsiktig perspektiv. Den gir eit oversyn over kva hovudutfordringar vassregion Rogaland må jobbe med dei neste 6 årene for å nå miljømåla. Den regionale planen skal til godkjenning av departementa etter at den er vedtatt i fylkestinga. Klima og miljødepartementet er etter kongeleg resolusjon delegert myndigheit for å samordne denne godkjenninga frå departementa.

### **Regionalt tiltaksprogram for vannregion Rogaland 2016 – 2021**

Gir ein oppsummering av miljøpåvirkningar og hvilke tiltak en mener bør settes i verk for å oppnå god eller svært god miljøtilstand for alt vannet i en vannregion. Tiltaksprogrammet gir også en oversikt over hovedutfordringer og beskrivelse av relevante tiltak og prioritering av tiltak. Tiltaksprogrammet behandles sammen med vannforvaltningsplanen. Regionalt tiltaksprogram skal ikke godkjennes av Klima og miljødepartementet, kun i fylkestingene, og vedtas endelig av fylkestingene.

### **Handlingsprogram for 2016 – 2018, til regional plan for vannforvaltning i vannregion Rogaland 2016 – 2021**

Alle regionale planar skal ha eit handlingsprogram jf. pbl § 8.1. Handlingsprogrammet viser oversikt over oppfølginga av planen for 2016, samtidig som den viser kva som er planlagt i 2017 og 2018. Handlingsprogrammet skal rullerast årleg i samsvar med Plan- og bygningsloven.

### *Hovudendingar etter 2. gongs høyring for Hordaland*

Odda kommune foreslo i første høringsrunde tiltak, i hovudsak problemkartlegging for vassførekomstar i fleire regulerte vassdrag. Disse forslaga var ikkje vist for dei enkelte SMVFene i 2. gongs høyring. Dei fleste av disse forslaga til tiltak/problemkartlegging er no tatt inn i vedlegg 5.

### **Fylkesrådmannens vurdering**

Planarbeidet er gjennomført i samsvar med krava i vassforskrifta og plan- og bygningslova for utarbeiding av regional plan for vassregionen. Planen byggjer på eit godt nok kunnskapsgrunnlag frå databasen www.vann-nett.no. Fylkesrådmannen rår til å vedta plandokument.

Fylkesrådmannen rår til å vedta plandokument for dei areala som gjeld Hordaland. Likelydande innstilling til vedtakspunkta 1-3 fremmast i dei 4 andre fylkestinga som høyrer til vassregion Rogaland.